



Sjur Kristoffer Dyrkolbotn  
Dyrkolbotn 274 A  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/634 - 19/18650

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
13.06.2019

## Konsesjon for erverv av feste til fallrett på gbnr 246/1 med festenummer 1 og 2

**Administrativt vedtak. Saknr: 355/19**

### Vedtak

**Lindås kommune gjev med heimel i konsesjonslova (ervervskonsesjon) § 2, jf. §§ 1 og 3 konsesjon til Botnakraft AS for overtaking av feste til fallrettar for Gbnr. 246/1/2 og 246/1/3 frå Nipo kraft AS i tråd med gjeldane festevtale.**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

### Saksutgreiing

**Mynde :** Saka er handsama av Landbrukssjefen etter delegert mynde frå Rådmannen.

### Saksfakta :

Botnakraft AS søker i søknad dagsett 24.02.2019, om konsesjon til overtaking av feste til fallretter på 246/1/2 og 246/1/3 i Lindås kommune. Skjøte for feste av fallrettar ligg vedlagt og er signert av eigarar. Nipo kraft vil overdra feste til fallrettar frå Botnakraft AS. Ervervet gjeld fallrettane i Nordelva og Botnaelva der Nipo kraft AS driv småkraftverk.

Det er godkjent feste til fallrettar tidlegare og det er ikkje naudsynt med ny handsaming av dette då det er kunn endring av eigartilhøve i denne saka.

Kommunen avgjer søknaden etter lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom.

### Vurdering:

Konsesjonslova § 3 seier at alle stiftelsar, leigeavtaler og liknande bruksrettar for meir enn 10 år skal handsamast etter konsesjonslova. Konsesjonslova har som formål å regulera og kontrollera omsetnad av



fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruksets produksjonsareal og eigar- og bruksforhold som er gagnlig for samfunnet, jf. §1. Det skal gjerast ved å tilgodesjå framtidige generasjoners behov, landbruksnæringa, trong for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og omsynet til busetting.

Fallrettane som skal ervervast vert i dag nytta til småkraftproduksjon. Det vert opplyst i søknaden at i samsvar med gjeldane festeavtaler skal kraftverke falle tilbake til eigedom 246/1 ved avtaleperiodens utløp. Formålet med fallrettar er å utnytte desse til produksjon av vasskraft. Innverknad for natur, næring og landskap er vurdert og drøfta gjennom handsaming av konsesjon til bygging av kraftverk med tilhøyrande løyve etter anna lovverk til dømes jordlova. Det er i denne saka overføring av feste til fallrettar frå eit føretak til eit anna.

Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå. Lindås kommune har vurdert søknaden mot dei omsyna som konsesjonslova skal sikra. Lindås kommune kan ikkje sjå at avtalen er i strid med føremålet til konsesjonslova, og vil difor gje konsesjon som omsøkt.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Sjur Kristoffer Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 274 A 5994

VIKANES